



Magne med ny eplehage

Magne Eik likar å ha fleire jarn i elden, Hvis ein reknar at han har 100 prosent jobb som seljar av måling, 12,5 prosent som kyrkjetenar og 10 prosent som epledyrkar på Steinsletto endar ein på 122,5!

Og Magne stoppar ikkje der - han satsar på ei utviding av eplehagen i håpet om at den neste generasjon vil følge opp tradisjonen. Med neste generasjon siktar han til dei yngste sønene Bjørnar og Håvard.

Men den driftige karen som er sist på skansen som epledyrkar her i bygda legg til at epledyrking ikkje gjev noko stor inntekt.

- Det kan aldri verta noko meir enn ein hobby,, men det er ein kjekk hobby, seier Magne og viser fram haustens første fylte eplekassar. Det er Discovery som rødmer i dei men til veka kjem turen til Prince og så modnar Aroma i byrjinga av oktober og Elstar midt i den månaden.

-Men du lyt sjå den nyaste eplehagen min, seier Magne og ikkje utan stolheit visar han fram ein nyplanta hage med Elstar og Aroma der den siste allereie rødmer vakkert nedover i bakkehellinga. No har han 2 hager med over 100 tre og til vinteren kjem det ytterlegare 50 tre til. Men han kjem også til å sjalta ut noko.

Det er tradisjonen frå bestefaren på Eik Magne no førar vidare, men på Steinsletto var det ikkje dyrka eple før på 1980-talet.

Epledyrkinga hadde langt større omfang i tidlegare tider på våre kantar. Innover i Hardanger er den langt meir omfattande og det er vel fordi hardingane ikkje har så mange økonomiske bein å stå på som oss?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



[Haustens første Discovery ligg i kassene](#)